



Fullt hus på påskequiz.

Førstkommende onsdag er det klart for sommarquiz på Oska, restauranten like ved båthamna. Som vanleg er det Quizmaster Sammy som er på plass og har regien på desse kveldane. I følgje arrangøren har Sammy bretta opp bermuda'n og hawaii-skjorta og gjort klar ein bunke spørsmål frå ulike tema og med ulik vanskegrad.

Sjølve quizen startar kl.20, men restauranten opnar som vanleg kl.15 på onsdagar, så her er det mogeleg med eit godt måltid tidleg på ettermiddagen der ein kan velja frå SmakifråOska sin sommarmeny. Der finn ein både middagar, smårettar, dessertar og kaffimat. Dersom ein ønskjer ein heilafan passar det jo godt med ein god middag i forkant av quizen.

Til quizen melder ein på lag på førehand til tlf:918 64 091 eller rokokk@gmail.com. Prisen er 100,- kr. pr.deltakar, og det er flotte premiar. Det kan vera inntil 6 deltakarar på kvart lag. Det er 20 års aldersgrense på quizen.

Elles opnar Oska kl.15 onsdagar, fredagar, lørdagar og søndagar. Torsdagar opnar dei kl.19. Då er det skaldyrbord.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.